



Glad uskedeling på Skålakaaien i går: Reidar Myklebust. (Foto: Arne Lindeflaten, Kvinnheringen)

Uskedelingen, professor Reidar Myklebust, kom i fokus under døypinga av MS Rygerfonn i Rosendal onsdag føremiddag. Han vann nemlig namnekonkurransen som var utlyst for den nye båten i Rosendalsruta. Rødne AS fekk inn 88 forslag og 15 av dei var RYGERFONN. - Og så vart eg faktisk trukke ut som vinnar, seier Reidar til uskedalen.no

Og ikkje berre det: Reidar var ein av dei sterkaste kritikanane til nedleggjinga av Herøysundruta. No seier han både til uskedalen.no og andre media at han fullstendig har skifta meining. Han pendlar dagleg til jobben i Bergen, er den største brukaren av ruta og held fram at det nye rutetilbodet passar han betre enn det gamle.

Reidar blir henta kvar morgon med drosje heime i Uskedalen, tek båten til Os og buss til Bergen. Det er mykje billigare, men tek like gang tid som at han skulle teke båten til Bergen. No er han på jobb klokka 8.30, nesten ein time tidlegare enn då han reiste med Herøysundruta.

- Men kvifor kom du med forslaget om Rygerfonn?
- Ryger skulle vera med i namnet og eg fann ut at det tyder noko slikt som fjellrygg. Og i og med at stoppestaden skulle vera Rosendal var det då naturleg å knytte til fonn.
- Men er du nøgd med premien?
- Om eg er! Eg får gratis reise med båten i tre månader og i tillegg fekk eg cruise for to i Lysefjorden med ein av dei andre båtane til rederiet, opplyser uskedelingen, svært oppglødd over den spesielle dagen.

Dåpen av båten for ruta som uskedelingane slett ikkje sette pris på i utgangspunktet fann stad på Skålakaaien. Direktør Dørrea Schau Larsen ved Solstrand Fjordhotell var gudmor og sendte champagneflaska mot båtsida. Dåpsfesten var ein tre timers tur på fjorden.

- Ruta har allereie vorte ein suksess, den har hatt ei overraskande positiv utvikling, uttala reiar Lars Rødne.

Av Ola Matti Mathisen